



Vestlandsfanden held ut, men det kom berre 100 på Dønhaug (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Utan at verten Magne Huglen kan finna nokon bestemt grunn, var det berre 100 som svinga seg i dei sprelske låtane til Vestlandsfanden på Dønhaug i natt. Det kom festglade folk heilt frå Kinsarvik og Etne, men publikum frå nærområdet svikta.**

**Det var overraskande, for så seint som for eitt år sidan var det 450 på dansen med det mange meiner er Vestlandet sitt beste band som utruleg nok har halde på i 32 år men framleis held dampen oppe.**

Men det skal og seiast at det litt spinkle frammøtet ikkje gjekk ut over festgløden korkje hos musikarane eller dei festande. Den var god frå start til mål og den var som vanleg prega av god publikumskontakt mellom band og publikum.

Det er framleis vokalist Reidar Brendeland (62) og felespelar Ivar Woxmyhr (tidlegare Beinavikjo og Stavanger Symfoniorkester) som er frontfigurar i bandet. På forsommaren kom det sogar med album nummer 15 som dei spela utdrag frå på Dønhaug,



Låven vart ikkje fylt denne gongen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er befriande å høyra band som syng berre på norsk. Og det er framleis visene om plommane og livets glade gitar som slår best an og som publikum syng med i. Bandets unike miks av folkemusikk og rock har noko suggererande ved seg som ikkje mange andre har.og musikken blir servert med ein aldri sviktande 'trøkk'. Vi håpar at fanden kjem att sjølv om han kanskje vart skremd denne gongen.



Ivar Woxmyhr held koken (Foto: Ola Matti Mathisen)

Av Ola Matti Mathisen



Reidar Brendeland held koken (Foto: Ola Matti Mathisen)